

HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Brukarundersøking for Hordaland fylkeskommune 2017

AUD-rapport nr. 06-17



Utgivar:	Hordaland fylkeskommune, Analyse, utgreiing og dokumentasjon (AUD) http://www.hordaland.no/aud
Tittel:	Brukarundersøking for Hordaland fylkeskommune 2017
Publikasjonsserie/nr:	AUD-rapport nr: 6-17 http://www.hordaland.no/aud-rapportar
Dato:	9.8.2017
Forfattar:	Lasse K. Anke Hansen og Eva M. Ørmen Vinjevoll
Tlf:	99 22 84 58
E-post:	lasse.hansen@hfk.no

Innhald

1 - Innleiing	1
2 - Hovudundersøkinga	1
Respondentane i hovudundersøkinga	1
Kontakt med fagpersonar/fageiningar i fylkeskommunen	2
Fagleg rådgjeving frå fylkeskommunen	3
Fylkeskommunen sin informasjons- og kunnskapsproduksjon	4
Samarbeids- og dialogmøter mellom kommunane og Hordaland fylkeskommune	5
Hordaland fylkeskommune sine tilskotsordningar	6
Regionale planar og sektorplanar hos fylkeskommunen	7
Fagspesifikke spørsmål	8
<i>Skule og utdanning</i>	<i>8</i>
<i>Kultur og idrett</i>	<i>8</i>
<i>Kulturminneforvaltning</i>	<i>8</i>
<i>Tannhelse</i>	<i>9</i>
<i>Folkehelse</i>	<i>9</i>
<i>Planarbeid</i>	<i>9</i>
<i>Næringsarbeid</i>	<i>10</i>
Generelt om Hordaland fylkeskommune	10
3 - Rådmannsundersøkinga	11
Skule og utdanning	11
Samferdsel	11
Generelle påstandar om arbeidet til Hordaland fylkeskommune	12
Kvaliteten på fylkeskommunen sine tenestar	13
Kort oppsummert om regionale skilnader i rådmannsundersøkinga	13
Vedlegg: Resultata frå hovudundersøkinga	14

1 - Innleiing

Seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse i Regionalavdelinga har fått i oppdrag frå fylkesrådmannen å kartlegge kommunane si oppfatning av fylkeskommunen sitt arbeid. Det blei utarbeidd to spørjeskjema i samråd med ei ressursgruppe med representantar frå kvar avdeling i fylkesadministrasjonen; eitt til rådmenn i kommunane i Hordaland og eitt til andre administrative leiarar i kommunane. Kapittel 2 tar for seg undersøkinga til dei administrative leiarane («Hovudundersøkinga»), medan kapittel 3 presenterer resultatane frå rådmannsundersøkinga. I tillegg er det utarbeidd eitt vedlegg der alle resultatane frå hovudundersøkinga er presentert grafisk. Spørjeskjemaet er tilgjengeleg på førespurnad.

2 - Hovudundersøkinga

Respondentane i hovudundersøkinga

Hovudundersøkinga blei sendt til dei administrative leiarane i alle kommunane i Hordaland, samt kontaktpersonar for fylkeskommunen på enkelte fagområde. Undersøkinga var anonym. Målet har vore å finne ut på kva område fylkeskommunen gjer det godt, og kor vi har forbettringspotensiale. Respondentane blei valt med utgangspunkt i ei inndeling av ansvarsområde basert på ein gjennomgang av korleis kommunane er organisert. Det ga følgjande ansvarsområde:


- Skule og utdanning (skule, barnehage, SFO, PPT, m.m.)
- Planarbeid
- Nærings- og lokalsamfunnsutvikling
- Kultur og idrett (kunst- og kulturformidling i skulene, bibliotek, frivillig sektor, friluftsliv, idrett, arkiv, museum, m.m.)
- Kulturminneforvaltning
- Helse og omsorg (inkludert pleie- og omsorgstenestar, barnevern, sosialtenesta og rusomsorg, m.m.)
- Folkehelse
- Trafikk, veg, transport og samferdsel
- Klima, miljø og naturressursforvaltning
- Anna

Respondentane blei bedne om å svare på vegne av sine ansvarsområde og dei fekk i tillegg nokre spørsmål som var spesifikke for dei (til dømes fekk dei som kryssa av for *Kultur og idrett* eller *Kulturminneforvaltning* spørsmål om Fylkeskulturkonferansen). Merk altså at respondentane i heile undersøkinga blei bedne om å svare *på vegne av sine ansvarsområde*, og om nødvendig hente inn naudsynt informasjon frå sine medarbeidarar. Når vi her skriv at «42 % er i kontakt...» må dette tolkast som at 42 % av respondentane svarta at det innanfor deira ansvarsområde i kommunen har vore kontakt mellom kommunen og Hordaland fylkeskommune. Det er ikkje nødvendigvis respondenten sjølv som har vore i kontakt med fylkeskommunen.

Totalt blei undersøkinga sendt til 229 respondentar. 116 respondentar svarta på heile undersøkinga, medan 24 svarta på delar av den. Det betyr at 51 % av respondentane fullførte undersøkinga, pluss at ytterlegare 10 % svarta på nokre spørsmål.

For å ivareta anonymiteten til respondentane, blei dei inndelt i fire regionar: 1) Bergen/Bjørnefjorden/Vest, 2) Nordhordland/Osterfjorden, 3) Hardanger/Voss og 4) Sunnhordland. Figur 1 viser at Bergen/Bjørnefjorden/Vest er noko overrepresentert i undersøkinga (33 % av respondentane), medan Sunnhordland er noko underrepresentert (18 % av respondentane). Det er ingen ansvarsområde som er betydeleg over- eller underrepresentert i nokre regionar, sett i forhold til talet respondentar frå kvar region. Det er altså omlag like stor del av respondentane frå kvar region som til dømes har *Kultur og idrett* som sitt ansvarsområde. Det betyr at for kvart ansvarsområde så er styrkeforholdet mellom regionane omlag det same som forholdet mellom regionane i tal respondentar (Bergen/Bjørnefjorden/Vest noko overrepresentert, medan Sunnhordland er noko underrepresentert).¹

¹ Det er også verdt å nemne at det faktisk er fleire som har kryssa av for *Plan og planarbeid* (36) som eit av sine ansvarsområde enn det er kommunar i Hordaland. Med andre ord er det nokre kommunar kor meir enn ein respondent har kryssa av for at dei har planansvar. Sidan undersøkinga er anonym veit vi ikkje kva kommunar dette gjeld, og om forklaringa er at meir enn ein respondent faktisk har planansvar. Følgjeleg kan vi ikkje heller korrigere for dette i datamaterialet.



Figur 1: Regional fordeling av respondentane

Det er mogleg å dele opp respondentane og resultatane etter *både* region og ansvarsområde, men når dette blir gjort er det få respondantar i dei ulike gruppene (mellom 1 og 11). Det gir difor mest meining å *anten* sjå på skilnaden mellom ansvarsområde eller på regionale skilnader, og ikkje begge samstundes.

Kontakt med fagpersonar/fageiningar i fylkeskommunen




Figur 2: Kor ofte er kommunane i kontakt med HFK

Respondentane svarar jamt over at det relativt ofte er kontakt mellom dei og fylkeskommunen (figur 2). 42 % er i kontakt med fylkeskommunen månadleg eller oftare. Legg vi til dei som er i kontakt minst kvart kvartal, er 70 % av respondentane innanfor dette. Samstundes varierer dette noko mellom ansvarsområda. Dei som har ansvaret for *Kultur og idrett* skil seg særleg ut med hyppig kontakt og 63 % innanfor dette feltet er i kontakt med fylkeskommunen minst kvar måned. I motsett ende ligg *Klima, miljø og naturressursforvaltning* og *Helse og omsorg*, der berre høvesvis 14 og 13 % er i kontakt med fylkeskommunen kvar måned.

Delar vi inn i regionar er det Sunnhordland som er hyppigast i kontakt med fylkeskommunen. Heile 57 % har vore i kontakt med fylkeskommunen månadleg eller oftare, tett etterfølgt av Bergen/Bjørnefjorden/Vest der det same talet er 54 %. I andre enden av skalaen finn vi Hardanger/Voss der berre 35 % rapporterer den same hyppigheita.

Kontakten skjer i stor grad via telefon og brev/epost, og respondentane er stort sett tilfredse med tida det tek før dei får svar når dei kontaktar fagpersonar/fageiningar i Hordaland fylkeskommune, uansett ansvarsområde.²



Figur 3: Del respondentar som er nøgd med responstida til fagpersonar/fageiningar i fylkeskommunen, delt på ansvarsområde

Fagleg rådgjeving frå fylkeskommunen

76 % av respondentane svara at dei har motteke fagleg rådgjeving³ frå Hordaland fylkeskommune innanfor sine ansvarsområde dei to siste åra. Dei fleste ansvarsområda ligg rundt eller over dette snittet. *Folkehelse* skil seg positivt ut med at samlege svara «Ja» på dette spørsmålet. I motsett ende finn vi *Helse og omsorg*, kor 45 % har motteke rådgjeving. *Skule og utdanning* ligg også eit stykke under snittet, men likefullt svarar godt over halvparten, 65 %, at dei har motteke rådgjeving frå fylkeskommunen dei siste to åra.


Dei som har motteke rådgjeving er i det store og heile særst nøgde (figur 4). På spørsmål om korleis dei vil vurdere den faglege kvaliteten er snittet 4,3 (skala 1-5) for alle ansvarsområda samla, og 44 % gir toppkarakteren 5. Alle ansvarsområda har eit snitt på 4,0 eller høgare.

På spørsmål om kor nyttig rådgjevinga var for deira arbeid, er det samla snittet også her på 4,3. 41 % gir toppkarakter, men det blei også gitt tre 1'arar. Desse tre dreg snittet ned, noko som gjer at seks av åtte ansvarsområde ligg på eller over snittet. *Planarbeid* og *Nærings- og lokalsamfunnsutvikling* skil seg ut ved å ligge relativt langt under snittet, på høvesvis 3,7 og 3,6, dratt ned av dei tre 1'arane. Hardanger/Voss svara litt meir positivt enn dei andre regionane, men det er små regionale skilnader både på kor nøgde respondentane er med rådgjevinga og kor nyttig den er.

31 % av dei spurde svara at dei har motteke informasjon om moglegheiter for internasjonale prosjekt. 8 % har fått hjelp til å utvikle slike prosjekt. På spørsmål om kor nyttig informasjonen/rådgjevinga har vore er snittet 3,4, men for dei ti respondentane som har fått hjelp til å utvikle prosjekt er snittet 3,9.

² *Planarbeid* er det einaste ansvarsområde kor meir enn ein respondent svara «nei» på dette spørsmålet. Fire av dei 32 planrespondentane (12,5 %) er *ikkje* nøgd med svartida. For dei andre ansvarsområda har dei aller fleste som *ikkje* svara «ja» svara «veit ikkje/ikkje sikker».


³ Rådgjeving er her definert som skriftlig og munleg informasjon og rettleiing kring faglege spørsmål, samt tilbakemeldingar på planar og tiltak. Målet med rettleiinga er å bistå og understøtte kommunane.



Figur 4: Faglig kvalitet på rådgjeving frå HFK og nytten for arbeidet i kommunen

Til dei som har *klima, miljø og naturressursforvaltning* som ansvarsområde spurte vi også om deira kommune hadde behov for meir fagleg støtte/rådgjeving når det gjeld klimatilpassing i kommunen. Svara var delte, men halvparten svara «ja». På eit spørsmål med ope svar blei det trekt fram at seksjonen har kompetente tilsette og at fagseminar har vore nyttige. Det blei også trekt fram at seksjonen i større grad kan/bør drive folkeopplysing på feltet. Ei større satsing på kollektiv i distrikta er også ønskelig. Det som blir trekt fram som negativt er kravet om 50% eigeninnsats for å få tilskot, då dette kan vere vanskelig i småkommunar.

Fylkeskommunen sin informasjons- og kunnskapsproduksjon



Figur 5: Respondentane sin bruk av informasjons- og kunnskapskjelder frå HFK⁴

⁴ Merk at det er stor skilnad i publikumet for dei ulike kjeldane. International Newsletter går til dømes ut til enkeltpersonar på ei postliste.


82 % av respondentane har nytta minst ei informasjonskjelde frå Hordaland fylkeskommune i deira arbeid dei siste to åra (figur 5). Mest populære er Hordaland i tal (47 %) og Verktøy for folkehelseoversikt i kommunane (40 %). Samstundes er det ein del skilnader mellom ansvarsområda i kva kjelder dei nyttar. Til dømes nyttar 82 % innan *Nærings- og lokalsamfunnsutvikling* Hordaland i tal, medan Årsmeldinga frå Hordaland fylkeskommune er særleg populær innan *Kulturminneforvaltning*.

På spørsmål om respondentane fant informasjonen/kunnskapen generelt å vere nyttig, av høg kvalitet og brukarvenleg, er snitta for dei tre høvesvis 3,9, 4,0 og 3,8 (skala 1-5). Skilnaden i snitta er ikkje spesielt stor når vi kontrollerer for kva kjelder dei har nytta.⁵

Samarbeids- og dialogmøter mellom kommunane og Hordaland fylkeskommune

Omlag 80 % av respondentane har delteke på minst eit samarbeids- eller dialogmøte⁶ med Hordaland fylkeskommune dei siste to åra, men det er som venta skilnad mellom ansvarsområda. Alle respondentane innan *Folkehelse* har delteke på Erfaringsnettverk folkehelse, og 86 % innan *Kultur og idrett* og 72 % innan *Kulturminneforvaltning* har delteke på Dialogmøte/fagmøte innan kultur og idrett. I motsett ende har 43 % av respondentane innan *Skule og utdanning* delteke på samarbeidsmøte/dialogmøte. Dette heng truleg saman med at samarbeids-/dialogmøte blir definert som ei spesifikk arbeidsform i undersøkinga, og at det ikkje er vanleg/naturleg å nytte denne arbeidsforma innanfor alle sektorar.⁷

Generelt svarar dei som har delteke på samarbeids-/dialogmøter at dei var nyttige for deira arbeid (figur 6). Med unntak av møte i samband med høyring av RTP (snitt 3,6, men få respondentar), har alle møta eit snitt på 4,2 eller høgare (skala 1-5).



Figur 6: Nyttan og opplevinga av å blir høyrd på samarbeids-/dialogmøte mellom kommunane og HFK

⁵ Respondentane blei bedne om å svare generelt for alle kjeldene dei har nytta og vi har såleis ikkje resultat for kvar ein-skild kjelde. Ved å sjå om det er nokon samanheng mellom kva kjelder dei har nytta og kor nøgde dei er, kan vi likevel få ein indikasjon (dersom alle som *mellom anna* har nytta Hordaland i tal gir høg score, kan det vere ein indikasjon på at respondentane generelt er nøgde med Hordaland i tal). Som sagt ser det ikkje ut til å vere store skilnader mellom kjeldene.

⁶ Samarbeids- og dialogmøter er her definert som formelle eller faste møtepunkt som legg opp til dialog mellom fylkeskommunen og kommunane.


⁷ Blant dei fem samarbeids-/dialogmøta som vi lista for respondentane var det ingen som eksplisitt handla om skule og utdanning. Dette er ein indikasjon på at denne arbeidsforma ikkje er like aktuell i samhandlinga mellom fylkeskommunen og kommunane på utdanningsfeltet.

Det er noko lågare snitt og større variasjon i kva grad respondentane opplever at innspel frå deira kommune på møta blir tatt omsyn til i arbeidet til Hordaland fylkeskommune. Igjen kjem RTP-møta ut dårlegast med 2,7 i snitt, følgd av dei årlege samarbeidsmøta med Tannhelsetenesta med 3,3. Begge desse har få respondentar, og sistnemte har berre blitt vurdert av tre stykk og bør derfor i liten eller ingen grad vektleggjast. Dei resterande møta har eit snitt på 3,8 eller over, med langt fleire respondentar per møte.

Både når det gjeld nytten av å delta og om dei har ei kjensle av å bli høyrd, svarar respondentar frå Nordhordland/Osterfjorden lågare enn resten.⁸ Snittet for Nordhordland/Osterfjorden på spørsmålet om nytten er 3,7, mot 4,3-4,5 for dei andre regionane. Tilsvarande på spørsmålet om innspel blitt teke omsyn til er 3,1 for Nordhordland/Osterfjorden, mot 4,0-4,2 for dei andre regionane. Berre 17 % frå Nordhordland/Osterfjorden gir toppscore på spørsmålet om nytte, medan 56 % av respondentane i Bergen/Bjørnefjord/Vest ga toppscore her. I alt kjem 15 av 16 einarar og toarar på desse spørsmåla frå regionen Nordhordland/Osterfjorden.

Hordaland fylkeskommune sine tilskotsordningar

56 % av alle respondentane svara at dei har god eller inngåande kjennskap til tilskotsordningane som fylkeskommunen forvaltar innanfor deira ansvarsområde (figur 7). Berre 5 % svara at dei har ingen kjennskap. Her er det store skilnadar mellom ansvarsområda, og delen respondentar med god eller inngåande kjennskap går frå 20 % blant dei med *Skule og utdanning* som ansvarsområde til 89 % for dei med ansvar innan *Kultur og idrett* og innan *Folkehelse*.⁹



Figur 7: Kjennskap til tilskotsordningane som HFK forvaltar (gul linje er samla snitt på tvers av ansvarsområda)

82 % av respondentane svarar at dei har søkt om økonomisk tilskot frå fylkeskommunen innanfor sine ansvarsområdar dei siste to åra. Også her er det store skilnader mellom ansvarsområda. Skilnaden speglar i stor grad skilnaden i kjennskap til tilskotsordningane, slik at det er respondentar med *Folkehelse* eller *Kultur og idrett* blant sine ansvarsområda som i størst grad har søkt om tilskot (høvesvis 89 og 88 %). Også innan *Nærings- og lokalsamfunnsutvikling* har meir enn 80 % søkt tilskot. I motsett ende finn vi *Skule og utdanning* og *Helse og omsorg*, der høvesvis 45 og 56 % har søkt fylkeskommunen om tilskot dei siste to åra.¹⁰

⁸ Merk at dette gjeld samla for alle samarbeids-/dialogmøta. Å dele på både region og møte gir veldig få respondentar i kvar gruppe. Det vi kan seie er at delen respondentar i kvar region som har delteke på dei ulike møta er høveleg lik, med unntak av RTP-møta, kor nesten ingen frå Sunnhordland eller Hardanger/Voss har delteke dei siste to åra.

⁹ Igjen skuldast dette nok i stor grad at tilskotsordningane i fylkeskommunen ikkje er like aktuelle for alle ansvarsområda.

¹⁰ Merk at dersom ein respondent har meir ein eitt ansvarsområde, slik dei fleste har, veit vi ikkje kven av desse dei har søkt innan, og i dei fleste tilfella vil nok tilskot gå til føremål på tvers av ansvarsområda (til dømes kan enkelttilskot spenne over både idrett, folkehelse, helse og omsorg og utdanning).

Dei fleste som har søkt om tilskot svara at dei fekk den informasjonen dei trengte i søknadsprosessen, både kva gjeld sakshandsamingstid, søknadsfrist, krav til innhald og kriterium for tildeling. Markant færre svara at dei fekk det dei trengte av informasjon om kor mykje midlar det kunne søkjast om, men her har nesten ein tredel svara «Veit ikkje/ikkje sikker». Vi har spurt desse spørsmåla for kvart av dei ti fagområda fylkeskommunen sine tilskot er sortert inn under ¹¹, og i den grad det er skilnad, går det stort sett på at respondentane for eit par av tilskotsområda i større grad svarar «Veit ikkje/ikkje sikker».


Elles er det verdt å merke seg at jamt over meiner respondentane at arbeidsinnsatsen som blei kravd for å søke om tilskot var passeleg i høve til storleiken på løyvinga det blei søkt om, med eit snitt på 3,7 (skala 1 – I svært liten grad til 5 – I svært stor grad).

Til sist, ein tredel av dei som har søkt innan meir enn eitt tilskotsområde svarar at det er skilnad mellom desse i korleis tilskotsforvaltinga blei handtert. Det som går igjen er at formalkrav vektleggjast i ulik grad, og at det varierer kor mykje hjelp og rettleiing som blir gitt i søknadsprosessen.

Det er ikkje klare regionale skilnadar i korleis respondentane oppfattar fylkeskommunen sine tilskotsordingar.

Regionale planar og sektorplanar hos fylkeskommunen

Det er stor skilnad i kor godt respondentane kjenner fylkeskommunen sine ulike regionale planar og sektorplanar (figur 8).¹² Dei regionale planane er utan unntak betre kjent enn sektorplanane, men også mellom desse er det stor skilnad. Best kjent er *Regional plan for attraktive senter*, som 63 % av respondentane svarar at dei har god eller inngåande kjennskap til. Blant dei regionale planane finn vi *Regional plan for vassregion Hordaland* i motsett ende, med 18 % god eller inngåande kjennskap (likefullt, berre 21 % seier dei har ingen kjennskap til den planen). Blant sektorplanane er det ingen kor meir enn 18 % svara god eller inngåande kjennskap, og for tre av dei har minst halvparten ingen kjennskap.¹³



Figur 8: Kjennskap til regionale planar og sektorplanar

Respondentane frå Hardanger/Voss rapporterer om noko lågare kjennskap enn dei andre regionane, men det er ikkje markant regional skilnad i kor stor del som svarar at dei har «ingen kjennskap».

¹¹ Sjå <http://www.hordaland.no/nn-NO/tilskot/>.

¹² Merk at respondentane berre fekk spørsmål om dei regionale planane som er mest relevante for deira ansvarsområde, unntatt dei med ansvar for *Planarbeid*, som fekk spørsmål om alle planane.

¹³ Følgjande sektorplanar er inkludert i undersøkinga: *Kollektivstrategi for Hordaland*, *Skulebruksplan for Hordaland fylkeskommune 2012-2025* og *Klinikkstrukturplan 2015-2030*.

På spørsmål i kva grad dei tek omsyn til planane i deira arbeid, er snittet for alle planane 3,4 (skala 1-5). Igjen scorar dei regionale planane høgare enn sektorplanane. Ein interessant regional skilnad her er at Bergen/Bjørnefjorden/Vest her har eit snitt langt over dei andre regionane (3,9 mot 3,1-3,2). Ein tredel av respondentane frå Bergen/Bjørnefjorden/Vest gir toppscore på dette spørsmålet og over to tredjedelar gir 4 eller 5, medan tilsvarende for dei andre regionane der under 10 % av respondentane gir toppscore og under halvparten gir 4 eller 5.¹⁴

Fagspesifikke spørsmål

Undersøkinga inneheldt også ei rad fagspesifikke spørsmål knytt til tenesteområda i fylkeskommunen. Desse gjekk til dei respondentane med dei relevante ansvarsområda. Denne delen inneheldt også eit kommentarfelt der respondenten kunne kome med eventuelle kommentarar til Hordaland fylkeskommune sitt arbeid på feltet.

Skule og utdanning

Det blei stilt spørsmål om samhandlinga mellom kommunen og fylkeskommunen som skuleeigar i samband med overgangen mellom grunnskule og vidaregåande opplæring, var god nok. På dette spørsmålet er svara jamt fordelt på dei tre alternativa *ja*, *nei* og *veit ikkje/ikkje sikker*. Det var berre 14 respondentar som fekk spørsmålet, og det var ingen tydelige regionale skilnader. Det kom også inn ein kommentar på det opne spørsmålet om at kommunen og fylkeskommunen burde etablere eit samarbeid med mål om å hindre fråfall i VGS.


Kultur og idrett

På kultur og idrettsfeltet spurte vi om deltaking på og nytte av Fylkeskulturkonferansen. Av dei med kultur og idrett som ansvarsområde svara 78 % (21 respondentar) at dei hadde delteke. På spørsmål om nytten av deltakinga er snittet 3,7, men her var det tydelege regionale skilnader. Bergen/Bjørnefjorden/Vest ga lågast snitt (3,0, N=9), medan dei andre regionane ga mellom 4,0 og 4,7 (men N=3-4 for kvar region). Det høgaste snittet kom frå Nordhordland/Osterfjorden, men var basert på berre tre respondentar.

I kommentarfeltet blir det trekt fram at programmet på fylkeskulturkonferansen var betre og meir relevant tidligare, men andre peikar på at det er ein god arena for nettverksbygging. I tillegg blir det peika på at Fylkeskulturkonferansen og Dialogkonferansen bør plasserast på kvart sitt semester, slik at det ikkje blir for travelt på hausten.

Kulturminneforvaltning

På spørsmål om kommunane får den faglege støtta dei treng i arbeidet med dei kommunale kulturminneplanane er snittet på 4,1 (skala 1-5) (figur 9). Aller mest positive er respondentane frå Sunnhordland, der samlege ga toppscore.



Figur 9: Vurdering av kulturminneforvaltninga i HFK

¹⁴ Det blir svært få respondentar i kvar gruppe om vi deler på *både* einssilde plan og region. Det vi kan seie er at det ikkje er nokre planar som skil seg ut med over- eller underrepresentasjon i svar frå nokre regionar.

På spørsmål om «tilskot til verna kulturminne» bidreg til å hindre forfall i kommunen sine prioriterte, verneverdige kulturminne var svarea meir lunkne. Seks av 20 ga lågaste score. Snittet er difor 2,5 på dette spørsmålet. Fylkeskommunen scorar også midt på treet (3,3) på spørsmålet om i kva grad fylkeskommunen er eit bindeledd mellom ulike aktørar i kulturminneforvaltinga.

På det opne spørsmålet blei det trekt fram at det er stort behov for rådgjeving, men enkelte opplever at det blir brukt for mykje ressursar på forvaltning av «småsummar».

Tannhelse


Innan tannhelse er det store regionale skilnader i kor nøgde dei kommunale leiarane er med fylkeskommunen. På spørsmålet om i kva grad samarbeidsavtalane er tilpassa utfordringane i deira kommune, varierer snittet for dei ulike regionane frå 2,3 (Hardanger/Voss) til 4 (Sunnhordaland). Snittet for alle respondentane er 3,1.

Vi spurde også om kor godt samarbeidsavtalen med tannhelsetenesta fungerer. Her er svarea litt meir positive, og snittet for fylket er 3,5. Også her er det regionale skilnader, men ikkje i like stor grad som på førre spørsmål. Nordhordland/Osterfjorden skilte seg ut negativt og ga eit snitt på 2,5, men dette er berre basert på fire respondentar. Dei andre regionane låg mellom 3,5 og 4,0.

I kommentarfeltet blei det uttrykt frustrasjon over tannhelsetilbodet som respondentane opplever har blitt dårlegare etter at tannhelseklinikkar har blitt lagt ned og reisevegen er blitt lengre.

Folkehelse

Folkehelse er eit av dei ansvarsområda i brukarundersøkinga som får mest positive tilbakemeldingar (figur 10). I undersøkinga blei det spurt om nytten av fylkeskommunen sine kompetansehevande tiltak, om kommunane får den faglege støtta dei treng frå fylkeskommunen, og kor nyttig verktøya frå fylkeskommunen er for folkehelsearbeidet i kommunen. Desse spørsmåla har ein snittscore på mellom 4,2 og 4,5 (skala 1 - 5), og det er små regionale skilnader i svarea. I det opne spørsmålet blir det likevel trekt fram at statistikkane blir litt lite relevante for dei minste kommunane.



Figur 10: Vurdering av HFK sitt folkehelsearbeid

Planarbeid


På spørsmål om kommunane får den støtta dei treng frå fylkeskommunen i arbeidet med kommunale planar, ga respondentane ein samla score på 3,5 (skala 1-5). Det var særlig respondentane frå Nordhordland/Osterfjorden som trakk ned snittet. Snittet for denne regionen var 2,7.

På spørsmål om fylkeskommunen er eit bindeledd mellom ulike aktørar i planarbeidet, er snittet 3,0, og dei regionale skilnadane er små. Samstundes blir det i kommentarfeltet poengtert at det ikkje er naudsynt at fylkeskommunen har denne rolla utover det som blir gjort i planforum. I tillegg blei det kommentert at det ofte var aktørar som melde avbod frå planforum, noko som var problematisk.

Dei fleste kommentarane til planarbeidet til Hordaland fylkeskommune går ut på at det er *for mykje* ressursar sett av til dette arbeidet. Kommunane har mykje kompetanse sjølv, og finn den informasjonen dei treng. Fleire meiner at arbeidet med regionale planar kan reduserast.

Næringsarbeid

I undersøkinga blei det spurt om i kva grad *Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling (HNN)*, programma og tilskotsordningane er tilpassa utfordringane innanfor nærings- og lokalsamfunnsutvikling i kommunane (figur 11). På dette spørsmålet er snittscoren 3,3 og dei regionale skilnadane er små, men Nordhordland/Osterfjorden er noko meir negative enn resten. Rådmennene i kommunane som ikkje har tilsett ein eigen næringssef fekk også dette spørsmålet, og var litt meir lunkne i svara. Snittet blant dei ni rådmennene som svara på dette spørsmålet er 2,9. Det var særleg rådmenn frå Sunnhordland som trakk ned snittet (snittet for regionen: 2,3).



Figur 11: I kva grad er næringsarbeidet i HFK tilpassa lokale utfordringar

I kommentarfeltet i hovudundersøkinga hevdar nokre respondentar at næringsarbeidet i fylkeskommunen er for sentralisert.

Generelt om Hordaland fylkeskommune

Til sist i undersøkinga blei det spurt om respondentane hadde andre kommentarar til Hordaland fylkeskommune som ikkje var dekt tidligare. Under dette spørsmålet kom det mykje skryt av dei tilsette. Mange rosar samarbeidet og skriv at dei tilsette er kompetente. I tillegg blir det trekt fram at det er særleg rådgjeving og støtte dei treng, og har mindre behov for at fylkeskommunen skal «gjere ting sjølv».

3 - Rådmannsundersøkinga

Spørjeskjemaet til rådmennene besto av ei rekke generelle påstandar om Hordaland fylkeskommune, som respondentane blei bedne om å ta stilling til på vegne av sin kommune, i tillegg til nokre spørsmål innan utdanning og samferdsel. Desse blei vurdert å vere av overordna art og difor burde svarast på av rådmannen og ikkje andre administrative leiarar i kommunen.¹⁵

Undersøkinga blei sendt til 32 rådmenn/fungerande rådmenn samt byrådsleiar i Bergen. Til saman var det 27 (82 %) som svarta. Fylket blei delt opp i fire regionar og svara fordelte seg på følgjande måte:

Bergen/Bjørnefjorden/Vest – 7 av 8 respondentar har svara (utgjør 26 % av totalen)

Nordhordland og Osterfjorden – 8 av 9 respondentar har svara (30 %)

Sunnhordaland – 6 av 8 respondentar har svara (22 %)


Hardanger/Voss – 6 av 8 respondentar har svara (22%)

Alle spørsmåla nyttar ein skala frå 1 (*svært liten grad/svært ueinig*) til 5 (*Svært stor grad/svært einig*), i tillegg til eit «*veit ikkje*»-alternativ.

Med såpass få respondentar per region må ein ikkje leggje for mykje vekt på relativt små regionale skilnader.

Skule og utdanning

Rådmennene fekk spørsmål om i kva grad Hordaland fylkeskommune sine utdanningstilbod er riktig dimensjonert for kompetansebehov i deira kommune. Høgast er snittet for vidaregåande skule (3,9, skala 1-5). For fagskule og vaksenopplæring er snitta høvesvis 3,5 og 3,7. Skilnadane er altså små. Samstundes er det langt fleire rådmenn som har svarta på spørsmålet om dei vidaregåande skulene enn for dei to andre utdanningstilboda. Mange rådmenn svara «*Veit ikkje/ikkje sikker*» på spørsmål om fagskulen og vaksenopplæring, og følgeleg er snitta basert på færre svar (lågare N).



Figur 12: Er utdanningstilbudet frå HFK dimensjonert for kompetansebehovet i kommunane


For alle utdanningstilboda er det Sunnhordland som gir lågast snittscore, høvesvis 3,2, 2,8 og 3,0. Bergen/Bjørnefjorden/Vest og Nordhordland ga begge scoren 4,1 til vidaregåande opplæring. For fagskulen gav Bergen/Bjørnefjorden/Vest høgast score med 4,0, og Nordhordland var mest nøgd med dimensjoneringa av vaksenopplæringa med eit snitt på 4,2.

Samferdsel

På samferdselsfeltet meiner rådmennene at dei i relativt liten grad har høve til å påverka prioriteringane innan kollektiv og utbetring av fylkesveggar. Rådmenn i Sunnhordland skil seg ut med det klart lågaste snittet (1,5) på spørsmålet om kollektiv, medan Bergen/Bjørnefjorden/Vest har høgst snitt (2,6). Alle regionar gir med andre ord relativt låg score på dette spørsmålet. Det er ikkje markante regionale skilnadar på spørsmålet om fylkesveggar.

¹⁵ I 11 kommunar som ikkje har næringssejef og kor vi ikkje klarte å identifisere andre kommunalsejefar med ansvar for næringsfeltet, fekk rådmennene nokre spørsmål om næringsarbeidet i fylkeskommunen. Desse spørsmåla er rapportert saman med svara frå næringssejefane i hovudundersøkinga (kapittel 2) sidan dei berre har gått til eit mindretal av rådmennene.

Det samla snittet på spørsmålet om i kva grad fylkeskommunen medverkar til realisering av viktige samferdselsprosjekt i statleg regi er noko høgare, men berre såvidt over midtpunktet på skalaen. Også her skil Sunnhordland seg ut i negativ retning (2,3 i snitt), medan Bergen/Bjørnefjorden/Vest og Hardanger/Voss ligg et stykke over snittet (begge 3,8 i snitt).




Figur 13: Vurdering av HFK sitt arbeid på samferdselsfeltet

Generelle påstandar om arbeidet til Hordaland fylkeskommune

Rådmennene blei bedne om å svare på i kva grad dei er einige med ei rad påstandar om fylkeskommunen som pådrivar og samarbeidspartnar for kommunane (figur 14). Alle påstandane utanom ein har eit snitt over midtpunktet på skalaen, men det er ikkje mange som skil seg ut med veldig høgt snitt. Unntaket er påstanden om at fylkeskommunen sine tilsette er kompetente, og til ein viss grad at fylkeskommunen er ein god samarbeidspartnar.

På motsett vis opplevast ikkje fylkeskommunen i særleg grad som ein pådrivar for utvikling i kommunane. Dette er samstundes eit spørsmål med klare regionale skilnader: rådmenn i Sunnhordland har eit snitt på berre 2,2 på dette spørsmålet, medan dei andre regionane ligg i overkant av 3,0.




Figur 14: Generelle påstandar om arbeidet til HFK

Sunnhordland ligg konsekvent lågare enn dei tre andre regionane, og stort sett alltid minst ein karakter lågare enn det samla snittet. Dette går igjen for alle påstandane, unntatt spørsmålet om dei tilsette sin kompetanse. På spørsmålet om fylkeskom-

munen fremmer fylkets interesser på ein god måte har rådmenna i Sunnhordland eit snitt på 2,3, medan rådmenna i Hardanger/Voss legg seg i motsett ende med eit snitt på 4,2. Dette er spørsmålet med størst regionalt spenn, og dei to siste regionane ligg på 3,7, litt over det samla snittet på 3,5.

Kvaliteten på fylkeskommunen sine tenestar

Til sist blei rådmennene spurde om kvaliteten på nokre av tenestane fylkeskommunen leverer. Det er særlig vidaregåande utdanning og statistikk og analyse som samla sett scorar høgt blant fylkeskommunen sine tenester, medan kollektivtransport og fylkesveggar ligg rundt midtpunktet på skalaen (figur 15).



Figur 15: Kvaliteten på HFK sine tenestar

På spørsmålet om statistikk og analyse er snitta så godt som identiske for alle regionane.

Fylkesvegane får dårlegast score i Hardanger/Voss, noko betre i Sunnhordland og Nordhordland/Osterfjorden. Likevel er Bergen/Bjørnefjorden/Vest den einaste regionen som i snitt kjem over midtpunktet av skalaen i si vurdering av kvaliteten på tenesteleveransen innan fylkesveggar, om enn berre såvidt (3,1).

Tannhelse har den same fordelinga som fylkesvegane: lågast i Hardanger/Voss, noko betre i Sunnhordland og Nordhordland/Osterfjorden, og best i Bergen/Bjørnefjorden/Vest. I dette tilfellet er sistnemnte heilt oppe på 4,2, medan førstnemnte er nede på 3,0. Det er med andre ord store regionale skilnader på dette spørsmålet.

For dei to siste tenestane; kollektivtransport og vidaregåande utdanning, skil Sunnhordland seg igjen ut med lågast snitt blant regionane. På kollektivtransport ligg dei minst éin karakter lågare enn resten, medan deira vurdering av utdanning «berre» er ein halv karakter bak Hardanger/Voss. På dette feltet ligg snitta for både Bergen/Bjørnefjorden/Vest og Nordhordland/Osterfjorden over 4,0.

Kort oppsummert om regionale skilnader i rådmannsundersøkinga

På 10 av 19 spørsmål til rådmennene er det respondentar frå Bergen/Bjørnefjorden/Vest som gir Hordaland fylkeskommune høgast snittscore. Også Hardanger/Voss gir jamt over høgare score enn snittet. I andre enden finn vi Sunnhordland med lågast snittscore på 15 av 19 spørsmål.¹⁶

¹⁶ Med såpass få respondentar per region har den einskilde stor påverknad på snitta for regionen. Ekstremverdiar (såkalla uteliggjarar) kan drege snittet kraftig opp eller ned og såleis «maskere» korleis fleirtalet i regionen har svart. Vi har imidlertid sjekka for denne moglegheita, og finn at dette ikkje forklarar heile skilnaden mellom Sunnhordland og dei andre regionane. Sjølv om vi held den mest negative respondenten utanfor, har regionen framleis dei klart lågaste snitta.



Vedlegg: Resultata frå hovudundersøkinga

Brukarundersøking for Hordaland fylkeskommune 2017


Utvalet

- Det blei gjennomført to undersøkingar: ei til rådmenn i kommunane i Hordaland og ei til andre leiarar i kommunane. Det er sistnemnte som blir presentert i dette vedlegget.
- Undersøkinga blei sendt til administrative leiarar i kommunane i Hordaland, samt kontaktpersonar for fylkeskommunen på enkelte fagområde. Undersøkinga var anonym.
- Respondentane blei valt ut med utgangspunkt i ei inndeling av ansvarsområde basert på ei vurdering av korleis kommunane er organisert. Det ga følgjande ansvarsområde:
 - > Skule og utdanning (skule, barnehage, SFO, PPT, m.m.)
 - > Planarbeid
 - > Nærings- og lokalsamfunnsutvikling
 - > Kultur og idrett (kunst- og kulturformidling i skulene, bibliotek, frivillig sektor, friluftsliv, idrett, arkiv, museum, m.m.)
 - > Kulturminneforvaltning
 - > Helse og omsorg (inkludert pleie- og omsorgstenestar, barnevern, sosialtenesta og rusomsorg, m.m.)
 - > Folkehelse
 - > Trafikk, veg, transport og samferdsel
 - > Klima, miljø og naturressursforvaltning
- Dei fleste respondentane blei identifisert av avdelingane i fylkeskommunen, i tillegg til at nokre blei identifisert på kommunane sine nettsider.
 - > Til saman blei det identifisert 229 respondentar fordelt på dei 33 kommunane i Hordaland. Fordi det i dei fleste kommunar er same person som leiar fleire av desse ansvarsområda, fekk respondentane sjølv krysse av for kva ansvarsområde dei har. Det er relativt stort samsvar mellom kva ansvarsområde vi forventa og kva respondentane har oppgitt.

Utvalet, forts.


- Totalt blei undersøkinga sendt til 229 respondentar. 116 respondentar svarte på heile undersøkinga, medan 24 svarta på delar av den. Det gir en svarprosent på 51 %, pluss 10 % for nokre spørsmål.
- Talet respondentar som kryssa av for eit gitt ansvarsområde varierer frå 15 til 36.
- Respondentane blei bedne om å kryssa av for i kva del av fylket deira kommune ligg i. 33 % svarta Bergen/Bjørnefjorden/Vest, 26 % Nordhordland/Osterfjorden, 23 % Hardanger/Voss og 18 % Sunnhordland.
 - > Det viser at det er ei lita overvekt respondentar frå området rundt Bergen, medan Sunnhordland er noko underrepresentert blant dei som har svarta. Likevel, alle dei fire delane av fylket har ein svarprosent over 40 %.

Bakgrunns spørsmål




Kontakt med Hordaland fylkeskommune

Ta utgangspunkt i dei to siste åra. Om lag kor ofte har de vore i kontakt med fagpersonar/fageiningar i Hordaland fylkeskommune innanfor dine ansvarsområde? (N=232)




Bakgrunnsspørsmål


Kontakt med fagpersonar/fageiningar i Hordaland fylkeskommune månadleg eller oftare



Bakgrunns spørsmål – regionale skilnader




Kontakt med Hordaland fylkeskommune




- Dei aller fleste som svara «Anna» har oppgitt kontakt i form av møter.

Kontakt med Hordaland fylkeskommune




- Innan *Helse og omsorg* er det seks (33 %) som ikkje har svara at dei er tilfredse. Alle desse seks kryssa av for «Veit ikkje/Ikkje sikker» på dette spørsmålet.

Nettstaden til Hordaland fylkeskommune




- Snitta for både oversikteleg og brukarvenleg er 3,6.

Nettstaden til Hordaland fylkeskommune




- Det er ikkje noko klart skilje mellom ansvarsområda på dette spørsmålet, unntatt at *Trafikk, veg, transport og samferdsel* har en noko høgare del som svara «Nei».
- Delen som svarar «Veit ikkje/ikkje sikker» er relativt høg, og over 20 % for *Helse og omsorg* og *Klima, miljø og naturressursforvaltning*.

Fagleg rådgjeving frå Hordaland fylkeskommune




- Figuren viser kor stor prosentdel som svara «Ja» på dette spørsmålet
- 25 % av respondentane innan *Helse og omsorg* svara «Veit ikkje/ikkje sikker».

Fagleg rådgjeving frå Hordaland fylkeskommune



- Snittet på tvers av alle ansvarsområder er 4,3 (gul linje).
- Det blei gitt 67 5'arar (toppscore). Dette er heile 44 %.
- 66 ga 4, og ingen ga 1 eller 2.
- Det er ingen klare regionale skilnader på dette spørsmålet.

Fagleg rådgjeving frå Hordaland fylkeskommune – regionale skilnader




- Samla for alle ansvarsområda.
- Det er små regionale skilnader
 - > Nordhordland/Osterfjorden (snitt 4,2) ligg litt lågare enn dei andre (snitt for dei tre andre 4,4).
 - > Ein respondent (3 %) frå Sunnhordland svara «Veit ikkje/ikkje sikker».

Fagleg rådgjeving frå Hordaland fylkeskommune




- Snittet på tvers av alle ansvarsområder er 4,3 (gul linje).
- Det blei gitt 62 5'arar (toppscore). Dette er 41 %.
- 71 ga 4.
- Det blei gitt tre 1'arar, ein innan *Planarbeid* og to innan *Nærings- og lokalsamfunnsutvikling*.
 - > Disse tre svarea bidreg til at *Planarbeid* og *Nærings- og lokalsamfunnsutvikling* har såpass mykje lågare snitt på spørsmålet om nytten av rådgjevinga samanlikna med spørsmålet om den faglege kvaliteten.
- Bortsett frå dei to tilfella over er det liten skilnad mellom den faglege kvaliteten og nytten av rådgjevinga.

Fagleg rådgjeving frå Hordaland fylkeskommune – regionale skilnader



- Samla for alle ansvarsområda.
- Det er relativt små regionale skilnader på dette spørsmålet.
 - > Snitt for Bergen/Bjørnefjorden/Vest og Nordhordland/Osterfjorden - 4,1
 - > Sunnhordland - 4,5
 - > Hardanger/Voss - 4,3
 - > Ein respondent (3 %) frå Sunnhordland svara «Veit ikkje/ikkje sikker».

Fagleg rådgjeving frå Hordaland fylkeskommune – klima, miljø og naturressursforvaltning




- Det var 33 respondentar som var identifisert som fylkeskommunen sine kontaktpersonar innan klima, miljø og naturressursforvaltning.
 - > 20 av desse har gjennomført undersøkinga, og i tillegg har to gitt nokre svar.
 - > Men: berre 15 respondentar har svart at *Klima, miljø og naturressursforvaltning* er deira ansvarsområde.
 - > Det er med andre ord en diskrepans her.

Kommentarar frå respondentane til klima- og naturressursforvaltingsarbeidet


- Respondentane fekk eit opent spørsmål om dei hadde andre kommentarar til klima- og naturressursforvaltingsarbeidet i Hordaland fylkeskommune. Dette er eit samandrag av svara:
 - > Har eit ønskje om at HFK skal drive folkeopplysing i større grad – gjerne i skulesamanheng
 - > Meir støtte til frivillige organisasjonar
 - > Fleire fagseminar om klima og klimapartner
 - > Ønsker støtte kommunal innsats innan energibruk og materialevalg
 - > Har mykje samarbeid med NVE om klimatilpassing

Fagleg rådgjeving frå Hordaland fylkeskommune – internasjonalt samarbeid



- Det var 10 respondentar som har fått hjelp til å utvikle prosjekt eller andre internasjonale samarbeidsaktivitetar innanfor sine ansvarsområde dei to siste åra.
 - > Desse ti dekte til saman alle ansvarsområda, unntatt *Helse og omsorg*.
 - > Merk at vi ikkje veit kva ansvarsområde dei faktisk har fått hjelp innan (og ofte er det nok på tvers av ansvarsområde i kommunen).
 - > Sidan undersøkinga er anonym veit vi heller ikkje om kor mange av dei ni som jobbar i same kommune og moglegvis svarar om det same prosjektet.
 - Men alle regionar er representert blant dei som har fått slik hjelp.


Fagleg rådgjeving frå Hordaland fylkeskommune – internasjonalt samarbeid



- Snittet er 3,4.
- Snittet er høgare, 3,9, for dei 10 som har fått hjelp til å utvikle prosjekt eller andre internasjonale samarbeidsaktivitetar.
- Det er stor skilnad mellom ansvarsområda i kor nyttig dei svara at informasjonen og/eller rådgjevinga var.
 - > Om vi skil mellom dei som har fått hjelp til å utvikle prosjekt o.l. og dei som ikkje har det, forsvinn det meste av skilnaden mellom ansvarsområda.
 - > Det er også få respondentar (låg N) per ansvarsområde på desse spørsmåla, så resultatata er usikre.

Informasjons- og kunnskapsproduksjon i Hordaland fylkeskommune


Har de nytta nokre av følgjande kjelder i dykkar arbeid dei to siste åra? (fleire svar mogleg) (N=119)



- Kva kjelder som har blitt brukt innan respondentane sine ansvarsområde varierer til ein viss grad mellom ansvarsområde.
 - > Det er spesielt innan *Planarbeid og Nærings- og lokalsamfunnsutvikling* ein stor del nyttar Hordaland i tal (høvesvis 69 og 82 %). Berre innan *Skule og utdanning* og *Helse og omsorg* er det under halvparten som har nytta Hordaland i tal.
 - > Kart.ivist.no nyttast mest innan *Planarbeid, Kultur og idrett, Kulturminneforvaltning* og *Folkehelse*.
 - > Folkehelsekjeldane og Statistikk.ivist.no blir nytta av nesten alle innan *Folkehelse* og mange innan *Helse og omsorg*.
 - > *Kulturminneforvaltning* skil seg ut med sin bruk av Årsmeldinga frå Hordaland fylkeskommune. Nesten halvparten med dette ansvarsområde har kryssa av for denne kjeldene.
 - > Innan *Skule og utdanning, Helse og omsorg, Trafikk, veg, transport og samferdsel, og Klima, miljø og naturressursforvaltning* har minst 20 % svara Ingen av desse / veit ikkje / ikkje sikker.
 - > Merk at det er stor skilnad i publikumet for dei ulike kjeldane. International Newsletter går til dømes ut til enkeltpersonar på ei postliste.

Informasjons- og kunnskapsproduksjon i Hordaland fylkeskommune


Generelt, i kva grad fant de informasjonen/kunnskapen å vere:



- Snitta er:
 - > Nyttig: 3,9
 - > Av høg kvalitet: 4,0
 - > Brukarvenleg: 3,8
- Skilnadane mellom ansvarsområde er relativt små.
 - > Det som skil seg spesielt ut er at *Nærings- og lokalsamfunnsutvikling* (3,6) og *Planarbeid* (3,8) er dei einaste med snitt under 4,0 på Nyttig, og begge har det også på Av høg kvalitet (3,9).
 - > På spørsmålet om kjeldene er brukarvenlege er det berre *Helse og omsorg* (4,1) og *Folkehelse* (4,3) som har snitt over 4,0
- Skilnaden mellom kjeldane er heller ikkje spesielt stor.

Samarbeids- og dialogmøter mellom kommunane og Hordaland fylkeskommune


Har de delteke på nokre av følgjande samarbeidsmøte/dialogmøte dei to siste åra? (fleire svar mogleg) (N=118)



- *Skule og utdanning* skil seg ut med lågast del som har delteke på samarbeids-/dialogmøte (43 %).
 - > Men: det er ingen openbare utdanningsrelaterte møter på lista.
- Det er to møte som skil seg ut med veldig høg deltaking frå si «hovudmålgruppe»:
 - > Alle respondentane med ansvar for *Folkehelse* har delteke på Erfaringsnettverk folkehelse i løpet av dei siste to åra.
 - > 86 % innan *Kultur og idrett* og 72 % innan *Kulturminneforvalting* har delteke på Dialogmøte/fagmøte innanfor kultur og idrett.
- Planforum skil seg ut som eit møte med deltaking frå personar innan mange ulike ansvarsområde.


Samarbeids- og dialogmøter mellom kommunane og Hordaland fylkeskommune

Samarbeids-/dialogmøte mellom kommunane og Hordaland fylkeskommune




- Skilnaden i N mellom dei to spørsmåla skuldast at det er fleire som svara «Veit ikkje / ikkje sikker» på om dei opplever at innspela frå kommunen blir tatt omsyn til. Sidan desse ikkje inkluderast i utrekninga av snittet, blir N lågare. Merk også at låg N gir meir usikre resultat.
- 55 (42 %) svara 5 – Svært nyttig (toppscore) på spørsmålet om nytte, medan 22 (17 %) svara det same på spørsmålet om innspela blir tatt omsyn til.

Samarbeids- og dialogmøter mellom kommunane og Hordaland fylkeskommune – regionale skilnader



- Svar frå alle samarbeidsmøta er lagt saman.
- Figuren viser dei regionale skilnadane på spørsmål om kor nyttig deltaking på samarbeids- og dialogmøta var.
 - > I dette tilfellet er alle samarbeids- og dialogmøta lagt saman.
- I snitt er det relativt små skilnader, men Nordhordland/Osterfjorden skil seg ut negativt.
 - > Bergen/Bjørnefjorden/Vest – 4,5
 - > Hardanger/Voss – 4,4
 - > Sunnhordland – 4,3
 - > Nordhordland/Osterfjorden – 3,7
- 17 % frå Nordhordland/Osterfjorden regionen gir toppscore på spørsmålet om nytten. Til samanlikning gir 56 % av respondentane i Bergen/Bjørnefjord/Vest det same.
 - > Alle 1'arar og 2'arar kjem frå Nordhordland/Osterfjorden, noko som viser igjen på snittet


Samarbeids- og dialogmøter mellom kommunane og Hordaland fylkeskommune – regionale skilnader



- Svar frå alle samarbeidsmøte er lagt saman.
- Figuren til venstre viser regionale skilnader i kva grad regionane opplev at innspela frå kommunane blir tatt omsyn til i HFK sitt arbeid.
- Som på førre spørsmål skil Nordhordland/Osterfjorden seg ut negativt. Snitta er:
 - > Bergen/Bjørnefjorden/Vest – 4,2
 - > Sunnhordland – 4,2
 - > Hardanger/Voss – 4,0
 - > Nordhordland/Osterfjorden – 3,1
- Dei fleste 1'arar og 2'arar kjem frå Nordhordland/Osterfjorden, noko som viser igjen på snittet.


Hordaland fylkeskommune sine tilskotsordningar

Kor godt kjenner du til tilskotsordningane som Hordaland fylkeskommune forvaltar innanfor dine ansvarsområde? (N=119)



Hordaland fylkeskommune sine tilskotsordningar


God eller inngående kjennskap til tilskotsordningane som HFK forvaltar innanfor deira ansvarsområde



- Snittet på tvers av alle ansvarsområder er 55 % (gul linje).
- Ansvarsområde som har lågare del med god eller inngående kjennskap enn snittet har utan unntak høg del med avgrensa kjennskap.
- > Det er ingen ansvarsområde kor meir enn to respondentar svara «ingen kjennskap».

Hordaland fylkeskommune sine tilskotsordningar

Har de søkt om økonomiske tilskot frå Hordaland fylkeskommune innanfor dine ansvarsområde i løpet av dei to siste åra? I så fall, innanfor kva fagområde? (fleire svar mogleg) (N=112)




Del respondentar som har søkt om økonomiske tilskot frå Hordaland fylkeskommune innanfor sine ansvarsområde i løpet av dei to siste åra




Hordaland fylkeskommune sine tilskotsordningar

For kvart av punkta under, fekk de den informasjonen de trengte i søknadsprosessen? (samla for alle tilskot)



Hordaland fylkeskommune sine tilskotsordningar

Summen av dei fem spørsmåla knytt til om dei fekk den informasjonen dei trengte i søknadsprosessen



- Grafen viser summen av «Ja», «Nei» og «Veit ikkje/ikkje sikker» på dei fem spørsmåla knytt til om dei fekk den informasjonen dei trengte i søknadsprosessen (sjå også førre slide).


> Dei fem spørsmåla er:

- Informasjon om kor mykje midlar det kunne søkjast om
- Informasjon om kva kriterium som gjaldt for tildelinga
- Informasjon om korleis de skulle søkje (kva søknaden måtte innehalde)
- Informasjon om søknadsfrist
- Informasjon om sakshandsamingstida


- N refererer her til talet respondentar som har vore med på å søke tilskot innan for kvart område. Prosentverdiene er rekna ut som summen av kvart svaralternativ for dei fem spørsmåla, så prosentverdiene tar utgangspunkt i tilnærma N x 5 (tal respondentar per tilskot x tal spørsmål).

Hordaland fylkeskommune sine tilskotsordningar

Når de fekk svar på søknaden, fekk de ei god fagleg forklaring på avgjersla?




Hordaland fylkeskommune sine tilskotsordningar – regionale skilnader




- Dei regionale skilnadane går stort sett på kor stor del av respondentane som svara «veit ikkje/ikkje sikker»
- Nordhordland/Osterfjorden har ein større del som svara «Nei» enn dei andre regionane

Hordaland fylkeskommune sine tilskotsordningar




- Snittet på tvers av alle tilskota er 3,7 (gul linje).
- Det blei gitt 87 4'arar og 32 5'arar (toppscore). Dette er høvesvis 45 og 16 %.
- Spesielt tilskot innan Folkehelse og Veg og transport, men også Nærings- og lokalsamfunnsutvikling og Plan og planarbeid har relativt mange toppscorer.
- Ingen av tilskotsområda skil seg ut med mange låge scorar.
 - > Skilnadane i snitt skuldast i stor grad at nokre tilskotsområde har ein større del 4'arar og 5'arar, medan dei andre har fleire midt på skalaen (3).
- Låg N for ein del tilskotsområde gjer resultatata usikre.
 - > Nær 10 % svara «Veit ikkje/ikkje sikker» her.

Hordaland fylkeskommune sine tilskotsordningar – regionale skilnader




- Små regionale skilnader.
- Snitt:
 - > Bergen/Bjørnefjorden/Vest – 3,5
 - > Sunnhordland – 3,6
 - > Hardanger/Voss – 3,7
 - > Nordhordland/Osterfjorden – 3,9

Hordaland fylkeskommune sine tilskotsordningar




- Dei som svara «ja» her blei bedne om å kort skildre kva skilnaden besto i:
 - > Stor skilnad avhengig av om det er politisk eller administrativt handtert
 - > Nokre felt og avdelingar blir trekt fram som tunge, rigide og lite serviceinstilte av fleire respondentar.
 - > Enkelte tilskot er hjelpelige, har meir dialog undervegs og gir informasjon og moglegheit til å rette opp i feil.
 - > Ulikt kor konkret definert tilskota er.
 - > Praktisk handtering: Alle skjema bør finnast i Word-format, og kunne sendast inn elektronisk.

Hordaland fylkeskommune sine tilskotsordningar - RFF




- Det er stor skilnad mellom ansvarsområde i kor godt respondentane kjenner til RFF.
 - > Innan *Næring- og lokalsamfunnsutvikling, Kultur og idrett, Folkehelse* og *Anna* har minst 50 % i alle fall avgrensa kjennskap.
 - > Det er respondentar med god kjennskap innan alle ansvarsområde, med unntak av *Skule og utdanning, Planarbeid* og *Klima, miljø og naturressursforvaltning*.
- 9 respondentar svarta at dei har søkt RFF om tilskot innan sine ansvarsområde dei siste to åra (sjå figurane på dei førre lysbileta for meir informasjon).

Regionale planar




- Respondentane fekk berre spørsmål om dei regionale planane som er mest relevante for deira ansvarsområde. Respondentar med ansvar for *Planarbeid* fekk spørsmål om alle planane.
- Planane er i denne figuren sortert i synkende rekkjefølgje etter summen av inngående og god kjennskap.

Regionale planar – regionale skilnader




Regionale planar

I kva grad tek de omsyn til følgjande regionale planar i dykkar arbeid?




- Snittet på tvers av alle planane er 3,4 (gul linje).

I kva grad tek de omsyn til følgjande regionale planar i dykkar arbeid? (N=344) (samla for alle planane)



Regionale planar – regionale skilnader




- Figuren viser svara på spørsmålet om dei regionale planane blir teke omsyn til i arbeidet til kommunane, no fordelt på regionar. Alle planane er lagt saman.
- Figuren viser at det i hovudsak var respondentar frå Bergen/Bjørnefjorden/Vest som gav toppscore (5), elles er det små regionale skilnader. Snitta for regionane er:
 - > Bergen/Bjørnefjorden/Voss – 3,9
 - > Sunnhordland og Hardanger/Voss – 3,2
 - > Nordhordland/Osterfjorden – 3,1

Kommentarar til Hordaland fylkeskommune sitt arbeid med regionale planar

- Respondentane fekk eit opent spørsmål om dei hadde andre kommentarar til arbeidet med regionale planar i Hordaland fylkeskommune. Dette er eit samandrag av svara.
 - > Involver kommunane tidleg.
 - > Ikkje bruk næringsråd og andre store aktørar som representant for kommunane, dei har lite samhandling med fagfolk i kommunane (meir med politikarar).
 - > Gi lengre fristar ved høringar.
 - > Bruk faktagrunnlaget betre, for lite samspel mellom fakta/rapportar og det som blir gjennomført.
 - > For mykje detaljar i regionale planar, og det bør tilstrebast at det er få regionale planar.
 - > Ønskje om at HFK går bort frå knutepunkttenking.

Skule og utdanning


Opplev de at samhandlinga mellom kommunen og fylkeskommunen som skuleeigarar i forbindelse med overgangen frå grunnskule til vidaregåande skule er god nok?



- Dei sektorspesifikke spørsmåla om skule og utdanning gjekk berre til respondentar med *Skule og utdanning* som ansvarsområde.
- Dei som svarar «Nei» er fordelt på to i Bergen/Bjørnefjorden/Vest, to i Hardanger/Voss og ein i Nordhordland/Osterfjorden. Ingen svara «Nei» i Sunnhordland.
- Låg N gjer resultata usikre, spesielt på regionsnivå.


Kultur og idrett

Har du eller andre tilsette innanfor dine ansvarsområde delteke på Fylkeskulturkonferansen i Hordaland dei siste to åra? (N=27)



- Dei sektorspesifikke spørsmåla om kultur og idrett gjekk berre til respondentar med *Kultur og idrett* som ansvarsområde.

Kultur og idrett




- Snittet er på 3,79.
- > Snitta er høgast for regionane utanfor bergensområdet, men låg N gjer resultata usikre på regionsnivå.
- 62 % svarar 4 eller 5.

Kommentarar til arbeidet på kultur- og idrettsfeltet i Hordaland fylkeskommune

- Respondentane fekk eit opent spørsmål om dei hadde andre kommentarar til arbeidet på kultur- og idrettsfeltet i Hordaland fylkeskommune. Dette er eit samandrag av svara.
 - > Programmet på fylkeskonferansen er lite relevant for det vi jobbar med i det daglege.
 - > Var betre og meir lærerikt program før.
 - > Dialogkonferansen og fylkeskonferansen bør ligge på kvar sitt semester, blir mykje om hausten.
 - > Nyttig og god konferanse.

Kulturminneforvalting




- Dei sektorspesifikke spørsmåla om kulturminneforvalting gjekk berre til respondentar med *Kulturminneforvalting* som ansvarsområde.
- Generelt er respondentar frå Sunnhordland og Hardanger/Voss meir positive, men låg N gjer resultata usikre på regionsnivå.

Kommentarar til arbeidet med kulturminneforvalting i Hordaland fylkeskommune

- Respondentane fekk eit opent spørsmål om dei hadde andre kommentarar til arbeidet på kulturminnefeltet i Hordaland fylkeskommune. Dette er eit samandrag av svara.
 - > Hjelpa innan kulturminneforvalting er god
 - > Byggeværnkonsulenten er eit godt tiltak, men han har for lite tid
 - > KIK-prosjektet får ros
 - > Behov for meir midlar til kulturminneforvalting

Tannhelsetenesta




- Dei sektorspesifikke spørsmåla om tannhelsetenesta gjekk berre til respondentar med *Helse og omsorg* som ansvarsområde.
- Tannhelsetenesta har forpliktande samarbeidsavtalar med alle kommunar i Hordaland.
- Snittet er
 - > 3,1 for «I kva grad er samarbeidsavtalen tilpassa utfordringane i din kommune?»
 - > 3,5 for «Kor godt fungerer samarbeidsavtalen med Tannhelsetenesta i din kommune?»
- Respondentane er jamt over meir nøgd i Bergen/Bjørnefjorden/Vest og Sunnhordland og markant mest misnøgd i Nordhordland/Osterfjorden.
 - > Låg N gjer resultata usikre på regionsnivå.

Kommentarar til tannhelsetenesta i Hordaland fylkeskommune


- Respondentane fekk eit opent spørsmål om dei hadde andre kommentarar til tannhelsetenesta i Hordaland fylkeskommune. Dette er eit samandrag av svara.
 - > Mange kommunar er frustrerte over nedlagt klinikkar
 - > «Lang veg til klinikkane skaper mykje fråvær og uverdige tilbod»

Folkehelse



- Dei sektorspesifikke spørsmåla om folkehelse gjekk berre til respondentar med *Folkehelse* som ansvarsområde.
- Snitta er
 - > 4,2 for «Kor nyttig er kompetanseheevande tiltak i regi av Hordaland fylkeskommune i arbeidet med folkehelse i din kommune?»
 - > 4,5 for «I kva grad får din kommune den faglege støtta de treng frå Hordaland fylkeskommune i arbeidet med folkehelse?»
 - > 4,3 for «Kor nyttig er verktøya frå Hordaland fylkeskommune i arbeidet med folkehelse i din kommune?»
- 20 respondentar svara «Ja» på at deira kommune nyttar verktøy frå Hordaland fylkeskommune i folkehelsearbeidet, medan 1 svara «Veit ikkje/ikkje sikker».

Planarbeid




- Dei sektorspesifikke spørsmåla om planarbeid gjekk berre til respondentar med *Planarbeid* som ansvarsområde.
- Snitta er
 - > 3,4 for «I kva grad får din kommune den faglege støtta de treng frå Hordaland fylkeskommune i arbeidet med kommunale planar?»
 - > 3,0 for «I kva grad fungerer Hordaland fylkeskommune som eit bindeledd mellom ulike aktørar i planarbeidet?»
- Respondentar frå Sunnhordland er mest nøgd, medan respondentar frå Nordhordland/Osterfjorden er mest misnøgd.
 - > Låg N gjer resultata usikre på regionsnivå.

Kommentarar til planarbeidet i Hordaland fylkeskommune

- Respondentane fekk eit opent spørsmål om dei hadde andre kommentarar til planarbeidet i Hordaland fylkeskommune. Dette er eit samandrag av svara.
 - > Nokre kommunar meiner dei ikkje har behov for støtte i planarbeidet.
 - > Frustrerende at ikkje alle aktørar som skal møter på planforum
 - > Det er vanskelig å kome i kontakt med planseksjonen
 - > Det peikast på mangelfull kompetanse innan planfeltet
 - > Planarbeidet fungera best når planseksjonen reiser ut i kommunane
 - > HFK har eit tydelig fokus på kompetanseheving og rettleiing

Nærings- og lokalsamfunnsutvikling

I kva grad er Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland (HNN), programma og tilskotsordningane tilpassa utfordringane innanfor nærings- og lokalsamfunnsutvikling i din kommune? (N=19)




- Dei sektorspesifikke spørsmåla om nærings- og lokalsamfunnsutvikling gjekk berre til respondentar med *Nærings- og lokalsamfunnsutvikling* som ansvarsområde.
- 19 respondentar svara at dei har kjennskap til programma og tilskotsordningane innanfor nærings- og lokalsamfunnsutvikling i Hordaland fylkeskommune, medan ein svara «Nei» og to «Veit ikkje/ikkje sikker».
- Snittet på spørsmålet om dei er tilpassa utfordringane i respondentane sin kommune er 3,3.

Kommentarar til arbeidet med næringsutvikling i Hordaland fylkeskommune

- Respondentane fekk eit opent spørsmål om dei hadde andre kommentarar til arbeidet med nærings- og lokalsamfunnsutvikling i Hordaland fylkeskommune. Dette er eit samandrag av svara.
 - > Den seinaste tida har innsatsen blitt i overkant sentralisert
 - > For lite fokus på rural utvikling
 - > LivOgLyst krev for mykje arbeid i forhold til støtta ein kan få
 - > Vanskelig å få kontakt med tilsette
 - > HFK bør ha eit større fokus på næringsutvikling
 - > Fagleg dyktige medarbeidarar som er samarbeidsvillige

Andre kommentarar til Hordaland fylkeskommune

- Respondentane fekk til sist eit opent spørsmål om dei hadde andre kommentarar til Hordaland fylkeskommune. Dette er eit samandrag av svara.
- Positivt:
 - > HFK har dyktige og samarbeidsvillige medarbeidarar
 - > Alt av samarbeid blir satt pris på
 - > Betre når aktørar kan møtast i staden for brevvekslingar
 - > HFK er ein god samarbeidspartner, men samarbeidet kan bli enno betre
 - > Kvaliteten på vegleiinga har våre betre det siste året enn tidligare
- Negativt:
 - > Ønskjer ei vesentleg styrking av kollektivtilbodet
 - > HFK bør ikkje bli ei «overkommune» men heller ein «tilretteleggjar»
 - > Kan bli vanskelig (særlig for små kommunar) å ta del på alle arrangement og konferansar som blir arrangert, godt og relevant innhald er difor viktig
 - > For mykje ressursar på planarbeid, det klarer kommunane fint sjølv
 - > Fylkeskommunen må styrkast på kostnad av bymakta i Bergen
 - > Bruk ressursane på næringsutvikling, lag arrangement med gode foredragsholdarar
 - > For mykje «utredningshysteri» i fylkeskommunen
 - > Bør opne for mindre strenge krav, særlig når det gjeld trafikktrygging – systemet er i overkant rigid



Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen
Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no
www.hordaland.no

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkeetinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.

